

Fylkesmannen er positiv til oppgradering og forsterking av Børnes Tømmerkai.

18.04.2020



Børneskaien kan bli opprusta for knappe 10 mill. kr. MS GRINNA ( 6419 tdw, 115,5 meter ) er mellom dei største skipa som brukar Børneskaien fast til tømmerutskiping.

**Det føreligg planar for oppgradering, forsterking og utdjuping av Børnes Tømmerkai til ein kostnad på nær 10 mill. kr. Det er søre Kvinnherad Skogeigarlag saman med kommunen som eig og driftar tømmerkaien. Det vert søkt statlege midlar på kr. 7,6 mill. kr. Den kommunale delen er i dårlig stand og ei nabbe mot aust gjer at ein ikkje kan ferdiglasta dei største skipa. Les kva Fylkesskogmeister Terje Natland skriv:**

Fylkesmannen i Vestland er kjent med planane Søre Kvinnherad skogeigarlag og Kvinnherad kommune har for opprusting av Børnes tømmerkai i Uskedalen i Kvinnherad kommune. Kaien ligg sentralt i eit område der det har vorte drive fram mykje tømmer og der det stadig blir drive eit aktivt skogbruk.


Børnes tømmerkai sto ferdig i 1991, og det har sidan den gong blitt levert svært mykje tømmer over kaia. Kvinnherad var fram til 2001 ei øy i samferdselen, der store deler av kommunen var utan fast vegforbindelse med resten av fylket. Dette har no endra seg med tunnel under Folgefonna, undersjøisk tunnel til Halsnøy og tunnel til Jondal. Men sjølv med nye veganlegg i fylket er sjøvegen rimelegare, tryggare og meir miljøvennlig på Vestlandet enn biltransport over lengre strekningar.

Fylkesmannen er kjent med at dette området er satsa svært aktivt på skogreising dei siste 60 – 70 åra og at mykje av denne skogen vil bli hogstmoden i tiåra som kjem. Det er serdeles stor aktivitet i skogbruket i Vestland for tida, hogsten er mangedobla i dei siste 10 åra. Det er mykje skogsveganlegg under bygging og planlegging. Alt dette er med på og set stort press på infrastruktur for skogbruket.

Store delar av tømmermengda i Vestland må på båt for rasjonell transport, dette om tømmeret skal sendast nordover til Norske Skog sine anlegg eller sørover til andre foredlingsanlegg. Det er i dag ikkje kapasitet til å foredle alt tømmeret lokalt i fylket.

Tømmerkaia ligg i god avstand frå bustader, hytter og anna mykje brukte bygg. Arealet er del av eit større industriområde slik at skip kan lastast heile døgnet utan restriksjonar for støy mm. Ei ny og opprusta tømmerkai vil avlaste offentleg vegnett, redusere totale transportkostnader for skognæringa og slik gje betre økonomi i alle ledd. Den vil og vere slik utforma at den er rusta for framtidas båtar.

Fylkesmannen i Vestland ser det som positivt at det vert arbeid med opprusting og utbetring av eksisterande tømmerkai i Kvinnherad.



Den kommunale delen ( med farge ) av kaien er i därleg stand. Her må det også skytast bort ein nabbe som ligg på 6 meter djupne.  
Dermed kan dei største skipa gjera seg ferdig med innlasting.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Årleg uttak av tømmer fra Børneset er på 25 - 30 000 kbm.